



Skal stråla for gong nummer 50

Fredag klokka 17 blir Grana tent for 50. gong og det betyr at superveteran Bjørgulv Eik har like mange tenningar bak seg. Han var nemlig sentral allereie ved første tenning i 1963 og har ikkje skulka sidan.

Men det var tidlegare dirigent i musikklaget Sigurd Wang som hadde ideen om å gjera grana ved bautasteinen til julegran og fekk kjøpt inn 30 lyspærer. Alfred Eik, Sverre Wang og Kåre Guddal stod for monteringa. Sidan har ikkje musikklaget svikta tradisjonen, ein av dei sentrale i bygda vår..



Skal snart spela for gong nummer 50

Og årets opplegg er heilt tru mot tradisjonen:

\* Det er sal av graut i Helgheimskjellaren

\* Det er sal av diverse elevarbeid i Helgheim

\* Lappar vert selde i teltet ute

\* Musikklaget spelar ved tenninga - eventuelt inne hvis det vert for kaldt.

\* Det er sal av kaffi og kaker i Gamleskulen

\* Det er julemarknad også ute.

\* Børsdalsnissen er framleis oppegående og gløymer ikkje korkje ung eller gamal

\* Klokka 18 er det eventyrstund for dei minste på loftet i Gamleskulen

Og Grana har stått klar lenge, dette året også med naturleg dekorasjon! Det er planta to moglege erstattarar, men den gamle held nok ut ei stund framleis.

Men kor høg er ho eigentleg no?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen